



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjebø sokneråd

Møtebok for Kyrkjebø Sokneråd

Møte i Kyrkjebø Sokneråd tysdag 27.11.2018 kl 19.00 i Kyrkjelydshuset.

Desse møtte:

Audun Digranes, Irene Aase Aarseth, Runar Matsui-Li, Stine Røyseth, Lisbeth Haugsbø og Erlend Haugsbø.

Desse hadde meldt forfall:

Sturla Bell Fossen, Leif Arne Fureli, Anne Lise Ljotebø, Borgny Birkeland.

Kopi av møteboka går til:

Reidar Knapstad, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekkhus, Toril Lange, Karin Grodås, postmottak Høyanger kommune.

Sakliste: Godkjenning av innkalling og referat fra sist møte.

Godkjenning av innkalling og referat frå sist møte. Dei medlemmane som får sakspapira i vanleg post fekk desse i hende same dag som møtet, noko som er for seint i høve å sette seg inn i sakene.

Meldingssaker:

000032 Soknepresten har ordet.

Soknepresten las frå Matt. 21 og delte tankar rundt dette.

000033 Rekneskapsrapport.

Ofring til eige arbeid kan sjå ut til å vise ein auke i givargleda. Vidare gjer gåva frå Høyanger kommune på 30.000,- at rekneskapan ser betre ut enn den er. Med tanke på jubileet i 2019 får uansett overskotet bein å gå på.

000034 Kurs om sokneråd og val av nominasjonskomité

Kurset vert halde på Sunnfjord Folkehøgskule i Førde 16/1-19. Audun undersøker og kjem tilbake med forslag om kven som reiser. Frist for påmelding er 12/1-19 – etter neste soknerådsmøte.

VEDTAKSSAKER:

Sak 033/18: Felles overordna plan for kyrkjemusikk i Høyanger

Kyrkjebø sokneråd vedtek plandokumentet som det føreligg, forutsett at det vert skrive på nynorsk.

Detaljar vert å føre inn i årshjulet på eit seinare tidspunkt.

Sak 034/18: Plan for det kyrkjelege arbeidet i soknet i 2019

Saka vert utsett til neste møte 9/1-19. Da er gudstenesteplanen for 2019 innarbeid i årshjulet.

Sak 035/18: Budsjett 2019 for Kyrkjebø sokneråd

Audun gjekk gjennom forslag til budsjett. Med tanke på jubileet neste år vert det lagt inn auke i postane mat og annonser.

VEDTAK: Budsjettet vert vedteke med følgande endringar:

- Mat auka til 4.000,-
- Annonser auka til 2.000,-

Sak 036/18: Høyringsdokument ny kyrkjelov

Etter ein kort diskusjon rundt bordet vart følgande beslutta:

VEDTAK: Kyrkjebø sokneråd vedtek å ikkje kome med uttale til høyringa.

Sak 037/18: Val av leiar og nestleiar i Kyrkjebø sokneråd

VEDTAK: Audun Digranes valt som leiar
Irene Aase Aarseth valt som nestleiar

Sak 038/18: Bispevisitas i sokna i Høyanger i 2019

Audun og Runar orienterte om planane for bispevisitasen. Alle medlemmane må setje av 6. mars til samrådsmøte med sokneråda og fellesrådet kl. 18 – 21.

Vidare må alle møte til gudsteneste i Kyrkjebø kyrkje søndag 10. mars kl. 11.

VEDTAK: Saka er gått gjennom slik ho no føreligg, og ho vert teken oppatt etter nyttår. Kyrkjebø sokneråd ber om at det vert undersøkt om det er mogeleg å få lagt ein aktivitet i høve visitasen til Vadheim. For eksempel eit møte med bygdefolket på Coop.

Sak 39/18: Program for kyrkjejubileet i 2019

Audun og Irene orienterte om status og framdrift i komiteen som arbeidet med jubileet og heftet, og at Audun er beden om å skrive ei helsing frå soknerådet til heftet.

Det er beslutta i komiteen at det ikkje skal trykkast pris på hefta. Slik budsjettet no ser ut vil det ikkje vere mogeleg å kome i balanse utan å prise kvart hefte til 200,-

VEDTAK: Kyrkjebø sokneråd ber om at komiteen undersøker kva det vil medføre av kostnader hos trykkeriet med følgjande:

- Auke førsteopplaget til 600 eksemplar
- 2. opplag på 100 eksemplar
- 2. opplag på 200 eksemplar

Møtet slutt 21:00

Erlend Haugsbø
- ref-